

Barne- likestillings- og inkluderingsdepartement
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref:

Vår ref:

2014/1172 - 9117/2015

Sakshandsamar:

Hanne Løvereide Årstad 51963803

Dato:

20.03.2015

Høring - NOU 2014: 8 Tolking i offentlig sektor - et spørsmål om rettsikkerhet og likeverd

Helse Vest RHF viser til brev av 02.12.2014 frå Barne-, likestilling- og inkluderingsdepartementet (BLD)vedrøande høyring til NOU 2014:8 *Tolking i offentlig sektor - et spørsmål om rettsikkerhet og likeverd*.

Helse Vest har bedt om innspel frå dei fire sjukehusføretaka i Helse Vest og motteke tilbakemelding frå eit av føretaka, Helse Fonna HF. Deira tilbakemelding er innarbeidd i høyringsuttalen.

Innleiing

Helse Vest oppfattar at utgreiinga gir ei god beskriving av utfordringar vi har og påpeiker at det både er eit underforbruk av tolkar, manglande kvalifikasjonskrav og mangelfulle rutinar for bestilling av tolk som kan føra til at rettstryggleiken og likeverd er trua. Dette kan vidare føre til at folk ikkje får den hjelpen dei treng. Utgreiinga beskriv mange tiltak for å løyse dette i ein opptappingsplan for 2015 - 2018. Utvalet foreslår også å innføra ein lovbestemt plikt til bruk av tolk frå 2019. Helse Vest er positiv til at ein eventuell lovfesting skjer etter at tiltaka i opptappingsplanen er på plass og prøvd ut.

Helse Vest vil knytte nokre få merknader til utgreiinga og vil ha fokus på bruk av tolk i helsesektoren.

Lovforslaget

Plikt til å nytta tolk er i dag ikkje tydeleg uttalt i lovverket, men ein føresetnad for at pasienten sine rettar og helsepersonellet sine pliktar skal kunne oppfyllest er god kommunikasjon mellom behandlar og pasient. Bruk av tolk vil dermed vere ein føresetnad for å kunne oppfylle krava i pasient - og brukarrettigheitslova. Helse Vest er derfor positiv til ei lovfesting av plikten til å bruke tolk.

Helse Vest har ein merknad til virkeområde som er foreslått. Loven skal gjelde for forvaltningsorgan. « *Som forvaltningsorgan regnes i denne lov et hvert organ for stat og kommune. Private rettssubjekt regnes som forvaltningsorgan i saker hvor det treffer enkeltvedtak eller utferdiger forskrifter*».

Helse Vest meiner dette er noe snevert. Dei regionale helseføretaka inngår avtaler med private leverandørar av helsetenester etter ein konkurranse. Regulering av utgifter til tolk blir regulert i desse avtalene. Plikten til å nytta tolk bør også omfatta private rettssubjekt som yter tenester på vegner av stat og kommune og ikkje berre når dei «treffer enkeltvedtak eller utferdiger forskrifter».

Skjermtolking

Utvalet meiner at økt bruk av skjermtolking er avgjerande for god tilgang til kvalifiserte tolker i heile landet og meiner målet må vere at halvparten av alle tolkeoppdrag i offentleg sektor skal utførast ved bruk av skjerm i 2023.

Helse Vest ser at skjermtolking kan vere bra i mange samanhenger, men at det innan helsesektoren kan vere nokre utfordringar knytt til dette. Skjermtolking stiller store krav til teknisk utstyr og informasjonssikkerheit.

Helse Fonna HF har følgjande kommentar til bruk av skjermtolking: « *Dersom skjermtolking skal nyttast som hovudmetode ved tolking i helsesktoren bør ein vurdere tiltak for å ivareta anonymiteten til pasienten, tildels ved einvegs skjermtolking(pasient og behandlar ser tolk, men tolk ser ikkje pasient). Telefontolking ivaretar anonymiteten til pasient på ein god måte. Frammøtetolking og skjermtolking vil kunne virke meir blottleggjande.»*


Informasjon på ulike språk

Eit av tiltaka som blir foreslått er å: «*Utbeide standardisert informasjon på flere språk og tilgjengeliggjøre denne....»* Helse Fonna HF har kommentar knytt til ansvarsdeling nasjonalt og lokalt for omsetjing: « *Det bør klargjerast kor ansvar for omsetjing av informasjon og pasientopplysningsmateriell ligg. Kva type informasjon har lokal og regionale helseføretak ansvar for omsetjing av, og kva bør vere eit nasjonalt ansvar? Helse Fonna foreslår at i helsesektoren bør det vere eit nasjonalt ansvar at til dømes brev om pasientrettar blir oversett til ulike språk. Det bør og vere eit nasjonalt ansvar med informasjon på ulike språk som gjeld beredskap (hovudpunkt)»*

Finansiering

Innføring av ein plikt til å nytta tolk vil sannsynleg føre til større utgifter for helseføretaka. Helse Vest meiner det er avgjerande at dei økonomiske følgjene av innføring av ein plikt blir vurdert i løpet av opptrappingsplanen.

Med vennleg helsing



Ivar Eriksen
eigardirektør



Hanne Løvereide Årstad
seniorrådgivar